



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 45/2020

Møtedato: 16.12.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen



Søknad om tilleggs-bru over Reina, Nøsen/Baklia-løypene

Løypelaget fekk uttale i fjellstyremøte den 24.11.2020 tilråding om at fjellstyret aksepterer bru over Reina nær Rensenn.

Løypelaget hadde midlertidig gløymt å sende med plassering på bru nr 2, som og skal vere over Reina, men nærare Panoramavegen. Det gjeld same grunngeving, der denne er meint som bru for skiløype til tråkkemaskin. Ein antek at denne brua ikkje har same nytte for Valdres trekkhundklubb, slik at dette vert berre ei ski bru.

Tiltaket er grunndisponering etter §12 i fjellova. Søknad blir avgjort av Statskog etter at fjellstyret har gjeve uttale. Laget er frå 30.1.20 registrert i Brønnøysund register med organisasjonsnummer 824 514 712.

Hadde søknaden vore fremma samtidig med førre søknad, hadde dette blitt behandla i same sak. No kjem dette som eit tillegg til førre uttale. Det er for så vidt ingen nye moment i saka



Administrasjonen har vurdert dette i høve til beitenæringa, og kan ikkje sjå at dette skal ha negative verknader på lik line med den andre brua det er gjeve tilråding til. Det er allereie ei bru over Reina (Panoramavegen), slikt sett gjer dette liten endring for beitedyr. Det er eit vilkår at brua blir sperra for beitedyr.

Ein har og vurdert dette etter Naturmangfoldlova § 8-12 med følgjande resultat:
Naturmangfold lova § 8-12 blir vurdert med følgjande:

§ 8 (kunnskapsgrunnlaget)

Området er vurdert opp mot naturbasen til DN, og dessutan artsdatbanken. Det er ikkje vist nokon registreringar i database som er rekna som sårbar eller trua i umiddelbar nærleik til det aktuelle arealet. Ein ser på dei opphavlege kommunale registreringane som er supplerte med nyare registreringar på stølsjorder som godt nok avgjerdsgrunnlag.

§ 9 (føre-var-prinsippet)

Vi meiner at § 9 er oppfylte. Den sentrale ordlyden om at: «Finst ein risiko for alvorleg eller irreversibel skada på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunngeving for å utsetja eller la vere å treffa forvaltningstiltak» vurderer vi ikkje er aktuell i denne saka då det er klart at kunnskapen er god nok rundt naturverdiane av plan- og influensområdet til å seia at ein irreversibel skadde på naturmangfaldet ikkje vil skje som følgje av tiltaket.

§ 10 (økosystemtilnærming og samla belastning)

Vi meiner at ordlyden om økosystemtilnærming får avgrensa bruk i denne saka. I forhold til samla belastning vil det vera aktuelt å vurderer om tiltak i aktuelt område vil medføra at vassdraget får ei større samla belastning. Enn så lenge dette er ei skibru kan ein ikkje sjå at det vil vera samla ulemper av avgjerande karakter.

§ 11 (kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar)

Ikkje aktuelt med ytterlegare registreringar eller nye tiltak.

§ 12 (miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar)

Ikkje aktuelt.

Som ein konklusjon legg fjellstyret til grunn at det ikkje er viktige artar eller naturtypar som blir vesentleg skadelidande som eit resultat av denne saka.

Ut i frå kartet ser det ut til å vere eit slags juv, som gjer at det vært kort avstand/lite luftspenn på brua. Det vert føresett at lys opning under brua vert såpass stor at den ikkje vert påverka av flaum.

Det er og kort avstand til næraste veg, så dette gjev lite behov for motorferdsel i utmark, noko som er positivt. Ein gjer likevel merksam på at all motorisert ferdsel krev samtykke frå fjellstyret. Ei lita ulempe er at den vert synleg frå Panoramavegen, men dette tel i liten grad sett opp i mot andre tiltak.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret tilrår at løypelaget Nøsen-Baklia får løyve til å bygge bru nr 2 over Reina. Føresetnad er at brua blir sperra for beitedyr.

Vedtak:

Fjellstyret tilrår at løypelaget Nøsen-Baklia får løyve til å bygge bru nr 2 over Reina. Føresetnad er at brua blir sperra for beitedyr og plassert ovanfor badekulp. Fjellstyret ynskjer å bli kalla inn til synfaring for edeleg plassering.

Vedtaket er samrøystes.

Vedtaket er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 16.12.20

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Nøsen/Baklia løypene